

Fra: Laila Bjørge
Sendt: mandag 25. oktober 2021 08:30
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Søknad om å få lagra litt hønsemøkk ute

Frå: Jostein Dale <jostdale@online.no>
Send: tirsdag 21. september 2021 07:23
Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: Søknad om å få lagra litt hønsemøkk ute

Eg driv med eggproduksjon, 7500 høner. Nå har eg fått fluger inni husdyrrommet, og dei legg egg på gjødselbandet. Eg greier ikkje å ta knekken på alle flugene, så det blir mange larver i gjødsen. Desse utviklar seg raskt til nye fluger. Nå skal alle hønene avlivast 19. oktober, og då skal heile hønsehuset vaskast og desinfiserast.

Eg har snakka med rådgjevar og fagkonsulent i Nortura Egg. Ho rår meg til å også køyra ut all gjødsel i gjødselkjellaren og vaska og desinfisera den også i samband med avslutninga av innsettet. Dette er den sikraste måten å få vekk flugeproblemet på. Eg får inn nye høner i midten av november, så eg har ca 1 måned på meg til å utføra dette.

Eg vil derfor søkja om å få lov til å køyra ut den hønsemøkka som blir på denne månaden framover, lagra den på eit deponi på bakken der det ikkje blir avrenning, og ikkje kjem inn tilsig av vatn. Eg vil leggja over presenning som hindrar at det regnar på møkka. Me presenning over møkka vil temperaturen i møkka stiga så mykje at alle larvene vil dø.

For ytterlegare opplysningar kan de kontakta meg.

Dale, 21. september 2021

Med vennleg helsing
Jostein Dale
Nøtlevågen 3A, 5938 Sæbøvågen
Mob. 932573 49
Epost: jostdale@online.no